

Bergen kommune  
Postboks 7700  
N-5020 Bergen

# TILSYNSRAPPORT

## Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring

Bergen kommune – Ytre Arna skule

Sak 2020/9914

## **Samandrag**

Vi fører tilsyn med Bergen kommune og Ytre Arna skule. Temaet for tilsynet er skulens arbeid med elevens utbytte av opplæringa. Under her ser vi på skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring.

Føremålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld skulens arbeid med elevenes utbytte av opplæringa.

Tilsynet har ikke avdekket brot på regelverket på det temaet vi har undersøkt.

## **Innhald**

1	Innleiing .....	4
1.1	Kort om kommunen og skulen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
1.3	Rektor skal sikre, følgje opp og syte for .....	5
2	Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring.....	6
2.1	Rettslege krav.....	6
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	7
3	Avslutning og konklusjon.....	15
4	Vedlegg .....	16

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandler vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka<sup>1</sup> ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## 1.1 Kort om kommunen og skulen

Bergen kommune er den største kommunen i Vestland, og den nest største kommunen i landet. Kommunen har vel 29 000 elevar som får grunnskuleopplæring, fordelt på 87 skular.

Ytre Arna skule er ein barneskule i Bergen kommune. Skulen har i overkant av 240 elevar skuleåret 2020-2021. Skulen har også ein velkomstklasse for minoritetsspråklege elevar. Skulen fekk ny rektor skuleåret 2019-2020.

Vi valde å opne tilsyn med kommunen ut frå ei risikovurdering. I denne kom det fram at:

- Nasjonale prøver for 5. trinn viser at mange av elevane låg på det lågaste meistringsnivået i lesing og rekning dei to siste skuleåra.
- Elevundersøkinga for 7. trinn viser at målinga for indikatorane *Støtte frå lærarane* og *Motivasjon* låg under kommunen og landet sine gjennomsnitt siste skuleår.
- Skulebidraget for 1.-4. trinn, det vil seie skulen sitt bidrag til elevane si læring, er lågare enn det nasjonale snittet siste fem skuleår.

Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa er eit området med høg risiko, det vil seie at eventuelle lovbroter kan få store konsekvensar for elevane.

---

<sup>1</sup> Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

## **1.2 Om gjennomføringa av tilsynet**

Vi opna tilsyn med Bergen kommune i brev datert 22. juni 2020. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Skulens arbeid med elevens utbytte av opplæringa er tema for tilsynet. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10, jf. opplæringslova §§ 1-3 og 1 -4 og barnekonvensjonen art. 3 og art. 12.

Føremålet med tilsynet er å undersøkje om skulen vurderer og følgjer opp den enkelte elevens utbytte av opplæringa. Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar.

## **1.3 Rektor skal sikre, følgje opp og syte for**

I fleire av kontrollsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar, «syter for» eller «følgjer opp». Omgrepa stiller ulike krav til rektor, men har til felles at rektor må jobbe systematisk for å oppfylle lova.

### **Rektor skal sikre**

At rektor skal sikre at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skulen eit handlingsrom for korleis de skal oppfylle kravet. Skulen må sjølv bestemme korleis ein skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men framgangsmåten må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg til følgje opp at dei tilsette på skulen brukar framgangsmåten i praksis.

Framgangsmåten må vere kommunisert ut til dei tilsette og må skildre korleis skulen skal oppfylle eit lovkrav. Det held ikkje at sjølve lovkravet er kommunisert ut til dei tilsette. Det skal vere ein framgangsmåte som tek føre seg korleis skulen skal jobbe for å oppfylle eit lovkrav der lova ikkje har bestemt korleis skulane skal oppfylle eit lovkrav. Det er og eit krav at denne framgangsmåten er kjend blant dei tilsette, og at dei brukar framgangsmåten i praksis.

### **Rektor skal syte for**

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Kravet er at rektor systematisk jobbar for at lovpålagde oppgåver blir følgt opp.

### **Rektor skal følgje opp**

I nokre tilfelle er framgangsmåten gitt. Skulen har då ikkje eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet. At rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir følgt opp i praksis på skulen.

## **Andre omgrep**

Når kontrollspørsmåla ikkje inneheld krav om at rektor skal sikre, følgje opp eller syte for, tyder det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men berre om rektor oppfyller kravet i praksis.

# **2 Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring**

## **2.1 Rettslege krav**

### **Rektor skal syte for at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurderer behovet for tilpassa opplæring**

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere behovet for tilpassa opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10. Opplæringa skal vere tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte eleven. Lærarane skal derfor, som ein integrert del av opplæringa, vurdere korleis eleven ligg an.

### **Rektor skal syte for at lærarane høyrer eleven, vektlegg eleven sine synspunkt og gjennomfører tiltak som er tilpassa eleven sine evner og føresetnader og er til elevane sitt beste**

Lærarane skal tilpasse opplæringa til den enkelte eleven sine evner og føresetnader, jf. opplæringslova § 1-3. Dette inneber at lærarane skal vurdere og prøve ut ulike tiltak. I vurderinga av tiltak skal lærarane leggje vekt på eleven sitt beste. For denne vurderinga er det ein føresetnad at eleven blir høyrd og får seie meininga, og at eleven sitt beste blir tillagt stor vekt, jf. barnekonvensjonen art. 3 og art. 12.

### **Rektor skal syte for at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurderer om det er elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengjande etter i lesing, skriving eller rekning**

Dette er ein del av undervegsvurderinga i den ordinære opplæringa, med eit særleg fokus på elevar på dei lågaste trinna i dei tre grunnleggjande ferdighetene lesing, skriving og rekning. Lærarane skal, som ein integrert del av opplæringa, vurdere elevane på kvart årstrinn, slik at dei kan setje inn tiltak så tidleg som mogleg, jf. opplæringslova §§ 1-3 og 1-4, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10.

### **Elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengjande etter i lesing, skriving eller rekning, skal raskt få eigna intensivopplæring slik at forventa prosesjon blir nådd**

Rektor er ansvarleg for at skolen har ein bestemd framgangsmåte for at elevane raskt får eigna intensivopplæring slik at dei oppnår forventa prosesjon. Skolen skal setje i gang opplæringa innan kort tid. Opplæringa er ein del av den ordinære opplæringa. Ho skal vere kortvarig og målretta, jf. opplæringslova §§ 1-3 og 1-4, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10. Rektor må følgje opp at lærarane følgjer framgangsmåten som er bestemt.

## **Skolen kan gi den intensive opplæringa som eineundervisning i ein kort periode berre dersom det er til det beste for eleven**

Rektor er ansvarleg for å følgje opp at eineundervisning berre skjer dersom det er til det beste for eleven. Undervisninga skal i så fall vere kortvarig, jf. opplæringslova §§ 1-3 og 1-4, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10.

## **2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **Syter rektor for at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurderer behovet for tilpassa opplæring?**

#### Vår observasjon

Rektor skriv i eigenvurderinga at skuleleiinga syter for at lærarane vurderer behovet for tilpassa opplæring gjennom å uttrykke forventningar i skulens planar og rutinar. Det går vidare fram at rektor syter for at føringane blir sett i verk i opplæringa gjennom rektors styringssystem. Sentrale moment her er møte mellom rektor og avdelingsleiarar, pedagogiske leiarmøte, avdelingsleiarane si deltaking på trinna, tydeleg styring av utviklingstid for utvikling av profesjonsfellesskapet og konkret rettleiing i pedagogisk praksis.

I dokumentasjonen som skulen har sendt inn ser vi at skulen har utarbeidd ein fireårig strategiplan der arbeid med elevens utbytte av opplæringa er eit sentralt tema. Skulen har vidare sendt dokument som læringsprosesshjulet og lysark frå personalets felles utviklingstid som viser korleis skulens arbeidsprosessar skal knytast saman med skulens uttrykte standardar.

Det er laga standardar for god læring på alle trinn. Her går det fram korleis lærarane skal vurdere elevens utbytte av opplæringa mellom anna gjennom dagleg observasjon og samtalar, kartleggingar og prøver, og syte for elevmedverknad i vurderingsarbeidet. Tverrfagleg undervisning og prosjekt skal vere skulens arbeidsform. Skulen har òg eit årshjul for kartlegging og tilpassa opplæring i grunnleggjande ferdigheter skuleåret 2020-2021. Skulens leseplan viser vidare eit oversyn over kva kartleggingar som vert gjort på dei ulike trinna, kven som er ansvarleg og kva oppfølging skulen har.

Skulen har sendt inn døme på at lærarane kan tilpasse opplæringa i fag og i leksearbeid.

I intervju med lærarar kjem det fram at dei nyttar standarden for trinnet som ei aktiv ramme for undervisinga i klasserommet, mellom anna når dei organiserer undervisinga som stasjonsarbeid «Vi organiserer gjennom stasjonsundervisninga. Vi legg opp stasjonsundervisninga slik at den er tilpassa elevane. Desse stasjonane er lærarstyrt slik at lærarane kan tilpasse til kvar enkelt elev.»

I intervju med elevane fortel dei at «lærarane spør oss om vi treng hjelp, i matematikk har vi skjema med fargar raudt, gult og grønt lys, vi får spørsmål om vi har nådd målet, om det går betre når vi får hjelp eller om det framleis er vanskeleg.» Elevane fortel òg at lærarane har endra vurderingsform på leksene og gått bort i frå tal-vurdering, fordi nokre av elevane vart lei seg når dei fekk låg poengsum.

Det kjem også fram at lærarane i utviklingstida arbeider med samanhengen mellom standardane og vekeplanane til elevane. Lærarane fortel i intervju at denne standarden mellom anna blir brukt som utgangspunkt for å utarbeide mål for undervisningsøktene, og at øktene startar med at målet eller måla blir gjennomgått saman med elevgruppa. I intervju er lærarane tydelege på den kontakten dei har med elevane kvar dag i klasserommet ved å observere og snakke med elevane i timane er den viktigaste undervegsverderinga.

#### Vår vurdering

Rektor må syte for at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurderer behovet for tilpassa opplæring. I denne samanhengen må skulen vurdere arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø for elevane. Skulen må vurdere om endringar i éin eller fleire av desse faktorane kan bidra til å auke eleven sitt utbytte av opplæringa.

Rektor har klargjort tydelege forventingar til vurdering av behovet for tilpassa opplæring gjennom standardar og støttar opp om dette arbeidet gjennom styringssystemet. Vi ser vidare at arbeidet med å ta opp i seg vurderingsformer som ein integrert del av opplæringa skjer mellom annan i den faste utviklingstida for personalet. Skulen har fleire dokument som viser kva kartleggingar som skal gjerast i løpet av skuleåret på alle trinn. I tillegg til dette kjem observasjonar og dialog kring opplæringa i det daglege.

Ettersom intervju med elevane viser døme på at skulen gjer endringar i arbeidsmåtar og vurderingspraksis for å tilpasse opplæringa, finn vi døme på at skulen vurderer også elevane sitt skolemiljø i denne samanhengen.

Fylkesmannen finn at rektor syter for at lærarane som ein integrert del av opplæringa vurderer behovet for å tilpasse opplæringa til elevane. Dette fordi skulen i fellesskap har arbeidd med forståinga av kva som ligg til omgrepene tilpassa opplæring, og at lærarane er sett i stand til å tilpasse opplæringa gjennom standardar og styringsdokument, kompetanseheving i felles utviklingstid og løpende styring gjennom avdelingsleiarane. Intervju viser at lærarane vurderer behovet for tilpassa opplæring, både undervegs og på faste kartleggingspunkt.

På bakgrunn av dette finn vi at rektor syter for at lærarane som ein integrert del av opplæringa vurderer behovet for tilpassa opplæring.

#### Krava i regelverket er oppfylt.

### **Syter rektor for at lærarane hører eleven og vektlegg elevens synspunkt ut frå elevens beste?**

#### Vår observasjon

Rektor skriv i eigenverderinga at ho syter for at lærarane hører eleven og vektlegg elevens synspunkt gjennom å vere tydeleg på elevens rett til å bli høyrd. Det blir mellom annan vist til styring av innhald i felles utviklingstid, slik at høyring av eleven og vektlegging elevens synspunkt ut frå elevens beste blir ein naturleg del av vurderingsarbeidet.

Rektor forklarar i intervju at dei snakkar med elevane om korleis dei lærer best. «Eleven må få snakke om [si] eiga læring. Elevane veit det ofte sjølv, og dei kan gje eksempel på korleis dei kan få til dette [opplæringa] best mogeleg. Nokon gonger vil dei gjere slik og nokon gonger vil dei gjere slik. Vi ser på dei hjelpe midla som finnes, og har kontakt med elevane for å finne det beste alternativet.»

For å ivareta barnets beste forklarar rektor at praksis er at dei førebur elevane og involverer dei i samtalen. Dette gjeld både i samtalar med lærarar og i samtalar der føresette er tilstades. Vi ser av rektors innsendte dokumentasjon frå felles utviklingstid haust 2020 at personalet har reflektert rundt korleis dei kan sikre elevmedverknad både før og i utviklingssamtalen.

Vektlegging av eleven synspunkt ut frå alder og modning, og eleven kan delta aktivt i samtalen om eiga utvikling har òg vore tema.

Ei lærargruppe fortel i intervju at generelt er det ei forventning frå leiinga om at dei skal arbeidet med elevens beste. Dei skal reflekter over tematikken og seie noko om det på utviklingstida for personalet. Det går fram at innsendt dokumentasjon at personalet har hatt dette som tema hausten 2020.

Skulen har sendt inn døme på at lærarar har strukturerte samtalar med elevar der føremålet mellom anna er å få frem elevens synspunkt på ulike sider ved opplæringa. Døme på dette er malen for utviklingssamtalar hausten 2020, der elevane blir spurta om både organisering av opplæringa og arbeidet i faga.

Både elevane og lærarar formidlar at dei har endra det pedagogiske opplegget og vurderingsforma i engelskfaget, mellom anna på bakgrunn av tilbakemelding frå elevane. Elevane fortel at tidlegare fekk dei poengvurdering på leksearbeidet, men at dei no får andre typar vurderingar fordi nokre av elevane vart lei seg og ønskte endring.

Vi ser òg at elevrådet i haust har undersøkt kva elevane vil endre når det gjeld innhaldet i klasselesekursa på skulen. Elevane forklarar i intervju at evalueringa viste at nokre elevar ikkje opplevde at dei hadde lært så mykje på klasselesingskurset «så då prøvde ein å gjere noko med dette etterpå i klassen.» Dette kunne vere å arbeide meir med ord som nokre elevar ikkje hadde forstått.

### Vår vurdering

Rektor må syte for at lærarane konkret vurdere ulike tiltak for at opplæringa skal være tilpassa den enkelte eleven og være til elevens beste. Eleven har rett til å si meningen si knytt til vurderinga av ulike tiltak. Eleven skal bli høyrte. Skulen kan høyre eleven direkte eller gjennom foreldra eller andre verjer. Skulen skal vektlegge elevens synspunkt ut frå alder og modning når ulike tiltak blir vurdert.

Personalet på skulen har i fellesskap arbeidd med å utvikle ei felles forståing av elevens rett til å bli høyrd og vurdering av barns beste hausten 2020. Dette har rektor sytt for i samband regulære fellesmøte. Vi ser vidare i fleire av skulens malar at elevane får uttrykkje meningen si kring innhald, organisering og vurderingsform i den dagleg opplæringa. Intervju med elevane viser at dei på fleire måtar har blitt høyrde siste skuleår.

Ettersom rektor gjennom kompetansebygging i profesjonsfellesskapet og gitt føringar som mellom anna går fram av malane skulen nyttar finn vi at eleven blir høyrd og elevens beste blir ivareteke. Intervju med elevane viser òg at dei får vere med å uttale seg om eigen opplæringsituasjon og at skulen gjer endringar på bakgrunn av dette.

Krava i regelverket er oppfylt.

**Syster rektor for at lærarane gjennomfører tiltak som er tilpassa elevens evner og føresetnader?**

Vår observasjon

Rektor skriv i eigenvurderinga at eit godt profesjonsfellesskap er naudsynt for å skape forståing for omgrepene tilpassa opplæring og for å utvikle pedagogikk som gir variasjon, relevans og samanheng for elevane. Dette ser rektor på som ein føresetnad for at lærarane skal kunne tilpasse opplæringa til elevane.

Rektor gjer dette gjennom felles planar og standardar, og at dei prioriterer målretta arbeid med tilpassa opplæring i utviklingstid, trinnmøter og avdelingsmøter, samt rettleiing av einskildlærarar. Rektor eller avdelingsleiarane deltek på ulike møtearenaer, der vurdering av elevars utbytte av opplæringa og aktuelle tiltak kan vere tema. I dokumentasjonen ser vi døme på dette i referat frå skulens pedagogiske utviklingsteam (PUG) og møte i migrasjonspedagogisk team siste skuleår.

Rektor forklarar i intervju at avdelingsleiarane er aktivt inne i opplæringa gjennom observasjon og rettleiing. Ho fortel «Avdelingsleiarar observerer og er deltagande [i klassane], [dei gjennomfører ] refleksjon på trinnet og så rettleier dei lærarane. Dette arbeidet er knytt til trinnet. Vi har ein raud tråd i dette arbeidet.» Rektor fortel at det er eit flyktningemottak i nærleiken, slik at skulen har mange elevar som er der i kortare opplæringsperiodar.

Det kjem fram i intervju med nokre av lærarane at det har vore ei endring i arbeidsmåtar i samband med at skulen fekk ny rektor ved årsskiftet 2019-2020. «Det er stor skilnad før og etter ny rektor. Vi har [no] tverrfagleg dag på kvart trinn ein dag i veka. Der legg vi til rette for at elevane når målet for den dagen med dei føresetnadane dei har.» Dei forklarar vidare at dei drøfter arbeidsmåtane og tilpassing av opplæringa på felles utviklingstid «Vi har ekstra ressurs på stasjonane (... ) Det er ikkje tilfeldig kvifor vi er færre eller fleire lærarar.»

Andre lærarar fortel at dei lagar oppgåver som er så opne at elevane kan nå målet på ulikt nivå. Dei sterke kan skape sin eigen tekst, medan elevar som treng meir støtte får det i opplæringa, fortel dei.

### Vår vurdering

Rektor må sjå til at lærarane faktisk gjennomføre dei planlagde tiltaka for tilpassa opplæring.

Gjennom innsendt dokumentasjon ser vi at personalet på skulen i fellesskap arbeider med prinsipp og metodar for å tilpasse opplæringa. Vi ser òg døme i innsendt dokumentasjon på at skulen nyttar standarane og differensierte undervisningsopplegg i det løpende pedagogiske arbeidet. Skulen har vidare faste møtearenaer på ulike nivå der dei vurderer elevars læringsutbytte og kjem fram til adekvate tiltak.

Då skulen ofte får nye elevar frå flyktningmottaket fører dette til at skulen må ha ein beredskap når det gjeld å kartleggje og vurdere kor eleven er i opplæringa.

Vi har tidlegare vist til at fleire av skulens malar legg til rette for at elevane får uttrykkje meiningsa si kring innhald, organisering og vurderingsform i den dagleg opplæringa. Intervju med elevane viser òg at dei på fleire måtar har blitt høyrd siste skuleår.

Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at tiltak for å tilpasse opplæringa faktisk blir gjennomført og at er tilpassa elevens evner og føresetnader.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **Syster rektor for at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurderer om det er elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning?**

#### Vår observasjon

Skulen har eit årshjul for kartlegging og tiltak for småtrinnet. I dette går det fram at skulen gjennomfører ulike aktivitetar knytt til kartlegging eller vurdering av behov for ekstra opplæring kvar månad gjennom heile skuleåret.

Skulen gjennomfører kartleggingsprøvene frå Utdanningsdirektoratet, men rektor skriv at dersom det blir lagt for stor vekt på desse kan det føre til at det tar for lang tid før elevane får den oppfølgingane dei kan ha bruk for. Det er likevel faste analysemøter for 1. – 4. trinn etter kartleggingsprøvene, og skulen gjennomfører ei ny prøve på hausten for elevar under bekymringsgrensa, for å sjå om det har vore progresjon.

Skulens overordna strategi er at kvart trinn er styrka med lærartimar, og at intensivopplæringa gis av trinnteamet sjølv. På denne måten kan vurderinga av behov og igangsetting av naudsynte tiltak skje raskast mogleg, og innebere ei fleksibel organisering og innhald etter elevens behov.

Skulen jobbar med stasjonsundervisning i lesing, skriving og rekning kvar veke. Avdelingsleiar deltek på desse stasjonane og etterspør, drøfter og set krav til læraranes arbeid med elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning. Det kjem fram i intervju med nokre

av lærarane at dei har teammøte kvar 14. dag der dei kan ta opp bekymring kring elevars læringsutbytte med avdelingsleiar «Vi har møter med leiar for dei elevane vi er bekymra for og så drøfter vi desse bekymringane i avdelingsmøte.»

Rektor har faste møter med avdelingsleiarane.

#### Vår vurdering

Ein del av undervegsvurderinga er å vurdere om det er elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning på 1. til 4. trinn. Rektor må gjere lærarane kjent med at dei må vurdere elevanes ferdigheter i lesing, skriving og rekning på disse trinna. Lærarane må gjere dette kontinuerleg gjennom heile skuleåret på kvart av trinna.

Skulen har både utarbeidd eit årshjul og ein framgangsmåte som skal sikre at det som ein integrert del av opplæringa blir vurdert om det er elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning.

Årshulet strukturerer arbeidet og ansvarleggjer avdelingsleiar og lærarar i samband med ulike tiltak gjennom skuleåret. Vidare viser framgangsmåten for intensivopplæringa for skuleåret 2020-2021 at vurdering av behov og iverksetting av intensivtiltak er lagt til trinnteamet. Vidar klargjer framgangsmåten kva ressursar som er tilgjengeleg og kva som skal vere innhalde i intensivopplæringa. Opplæringa skal koplast opp mot skulens standardar for opplæring. Det kjem òg fram i intervju at lærarar tek opp bekymring kring elevars læringsutbytte på møte med avdelingsleiar i det løpende arbeidet.

Ettersom skulen har ein plan for kartleggingar på 1.-4 årstrinn og innarbeidde framgangsmåtar for å vurdere om elevar står i fare for å bli hengande etter i lesing skriving og rekning som ein integrert del av opplæringa, finn vi at rektor syter for at lærarane gjer slike vurderingar.

#### Krava i regelverket er oppfylt.

**Sikrar rektor at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa prosesjon vert nådd?**

#### Vår observasjon

Det går fram av årshjulet for kartlegging og tiltak på småtrinnet at ein skal sette inn tiltak mot elevar som er under bekymringsgrensa på kartleggingsprøvene. Tiltaka kan vere intensive lesekurs eller reknegrupper, utgreiing av logoped, eller å kople på Pedagogisk utviklingsgruppe (PUG).

Rektor skriv at avdelingsleiarane under den vektentlege stasjonsundervisninga kontrollerer at lærarane arbeider i tråd med prinsippa og metodane skulen skal jobbe med, mellom anna heilskapslesing-/skriving. Skulen gjennomfører også klasselesekurs jamleg, der same metodikk skal nyttast. Avdelingsleiarar rapporterer fast til rektor om dette i pedagogiske leiarmøte.

Rektor fortel også at bemanninga på 1.-4. trinn gir rom for intensivopplæring i smågrupper, og at intensivopplæring blir gitt i desse gruppene. Det varierer kven som deltek i desse gruppene, både ut frå kva den enkelte elev har behov for, og når elevar har behov for ekstra oppfølging. Slik intensivopplæring i smågrupper kan ha ei varighet på åtte veker.

Dersom elevar ikke oppnår framgang slik skulen forventar etter intensivopplæringa, blir det diskutert vidare tiltak i PUG, med skulens logoped eller i det tverrfaglege teamet på skulen.

#### Vår vurdering

Rektor har ansvaret for at skulen har ein bestemt framgangsmåte for at elevane raskt får eigna intensiv opplæring slik at de oppnår forventa progresjon. Ettersom føremålet er at eleven ikkje skal bli hengande etter, tyder det at skulen må sette i gang opplæringa innan kort tid, men at det ikke må skje straks. Rektor må følge opp at lærarane følger føringane som er gitt for arbeidet.

Rektor har skriftleggjort ein prosedyre for kva tiltak ein set i gang for elevar der resultata frå kartleggingsprøvene gir ein indikasjon på at elevane står i fare for å bli hengande etter lesing, skriving eller rekning.

I intervjua og eigenvurderinga kom det også fram at tiltaka med intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning ikkje berre er knytt til resultata av kartleggingsprøvene. Intensivgruppene går gjennom heile skuleåret, og elevar kan få intensiv opplæring når det er naudsynt. Lærarane fortel at dei skal melde frå til nærmeste leiar om elevar dei er bekymra for, og rektor følgjer dette opp i jamlege leiarmøte.

Både lærarar og rektor skildrar ein felles praksis, der elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning raskt får intensiv opplæring. Det er vår vurdering at denne praksisen er kjent og i bruk av dei tilsette ved skulen, og at rektor sikrar at dette blir følgd opp mellom anna gjennom avdelingsleiarane.

#### Krava i regelverket er oppfylt.

### **Følgjer rektor opp at elevane på 1. til 4. trinn får den intensive opplæringa som eineundervisning i ein kort periode berre dersom det er til elevens beste?**

#### Vår observasjon

Rektor skriv i eigenvurderinga at skulen ei organisering av intensivopplæringa som vekslar mellom arbeid i klassen og i små grupper. Rektor meiner at med deira organisering er det berre unntaksvis naudsynt å gjennomføre eineundervisning.

Lærarane på 1.-4 trinnet skriv i eigenvurderinga at dei unntaksvis har sett i verk eineundervisning i korte periodar.

I skulens årshjul for kartlegging og tiltak på småtrinnet går det fram at avdelingsleiar er involvert og/eller ansvarleg for alle tiltaka som skal settast i verk.

Vi har tidlegare vist til at rektor har faste møte med avdelingsleiarane på skulen. Avdelingsleiar deltek i opplæring på trinnet og rapporterer deretter fast til rektor i pedagogisk leiarmøte. Dette er ein del av rektors styringssystem.

#### Vår vurdering

Skulen har eit årshjul der det går fram at lærarane, som ein integrert del av opplæringa, skal vurdere om det er elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning. Vidare skal det settast inn tiltak. Det går fram av årshulet at skulen skal ha blikk for den enkelte og involvere føresette og drøfte tiltaka med dei. Ettersom avdelingsleiar er ansvarleg og leiar denne prosessen ser vi at rektor gjennom sitt styringssystem følgjer opp at elevar på 1.-4. trinn berre får den intensive opplæringa som eineundervisning i ein kort periode berre dersom det er til elevens beste.

Krava i regelverket er oppfylt.

### **3 Avslutning og konklusjon**

Vi har i tilsynet konkludert med at skulen sin praksis er i tråd med regelverket på det temaet vi har undersøkt. Dette har vi gjort på bakgrunn av eigenvurderinga som skulen har svart på, dei dokumenta skulen har sendt inn i tilsynet og dei intervjuer vi har gjennomført. Til saman utgjer dette mykje dokumentasjon. Alt dette har blitt vurdert, men alt er ikkje omtalt i denne rapporten. Vi har vald å trekke fram delar av dokumentasjonen for å illustrere og eksemplifisere praksisen til skulen på dei punkta vi har undersøkt i tilsynet, men rapporten er ikkje ei fullstendig tilstandsbeskriving av skulen sin praksis når det gjeld undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger og Bergen 14. desember 2020

Lill Mona Solberg  
tilsynsleiar

Kjetil Høvig  
seniorrådgjevar

Aase Bruntveit Njøs  
rådgjevar

## **4 Vedlegg**

### **Dokumentasjon i tilsynet**

- Eigenvurdering i RefLex fra rektor og lærargrupper på 1.-4 trinn og 5.-7. trinn.
- Vi gjennomførte intervju i Teams med elevrepresentantar, lærargruppene og rektor den 17. november 2020.

### **Dokument innsendt frå rektor**

Årshjul kartlegging og tiltak grunnleggende ferdigheter småtrinn  
Ytre Arna strategiplan  
Utviklingstid vår 2020  
Utviklingstid høst 2020  
Utviklingstid høst 2019  
Oversikt over teamarbeid høst  
Standard 1. trinn  
Standard 2. trinn  
Standard 3. trinn  
Standard 4. trinn  
Standard 5. trinn  
Standard 6. trinn  
Standard 7. trinn  
Standard Velkomstklasse  
Skolens definisjon av elevmedvirkning  
Samtaleblomst til elevsamtales  
Retningslinjer slik vil vi ha det på Ytre Arna skole (YAS)  
Rapport for gitt logpedstøtte  
Plan for utviklingstid 2020-2021  
Plan for tverrfaglig team skoleåret 2020-2021  
Plan for spesialpedagogisk samarbeid skoleåret 2020-2021  
Plan for mig.ped.team skoleåret 2020-2021  
Plan for avdelingsledernes undervisning 2020-2021  
Oversikt over intensivopplæring 1.-4. trinn  
Oppmeldingsskjema  
Notat fra veiledning i klasserommet  
Metodikk lesekurs  
Mal trinnteam  
Mal for analysemøte småtrinn  
Læringsprosesshjulet  
Leseplan Ytre Arna skole  
Kartlegging lesing  
Elevrådsarbeid  
Eksempel referat innføringsteam  
Eksempel referat mig.ped. team  
Eksempel referat avdelingsmøte  
Eksempel notat frå intern PUG-møte  
Eksempel på ledermøte-innkalling  
Eksempel på innkalling PUG  
Eksempel på fastdagsoversikt

Eksempel – notat frå veiledingssamtale  
Eksempel innkalling innføringsteam  
Eksempel timeplan logopeddag  
Dysleksi – avdekke-kartlegge-tiltak  
Bruk av logped i intensivopplæringen  
Analyseskjema etter nasjonale prøver lesing og regning

### **Dokument innsendt frå 1.-4. trinn**

Arbeidsplan uke 43  
Egenvurdering av gloser  
Egenvurdering av stasjoner  
Eksempel på matematikkøkt på 2. trinn  
Eksempel på intensivopplæring 2. trinn (1)  
Eksempel på intensivopplæring 2. trinn  
Eksempel på stasjonsundervisning 2. trinn  
Eksempel på tekst og oppgaver fra klasselesekurs  
Powerpoint med mål for undervisningsøkten  
Samtaleblomst  
Samtaleskjema for utviklingssamtale  
Standard 2. trinn  
Standard 4. trinn  
Timeplan lesekurs  
Tredeling 4. trinn (1) og (2)  
Ukeplan uke 43

### **Dokument innsendt frå 5.-7 trinn**

Ramme for god læring  
Samtaleblomst  
Utviklingssamtale - mal  
Leselekse a - og oppgaver  
Leselekse b - og oppgaver  
Leselekse c – og oppgaver  
Elevundersøkelse etter lesekurs  
Ukeplan uke 38 6. trinn  
Norsk skrivestasjon 1. oktober  
Stasjoner  
Ukeplan 5. trinn  
Gloser elevarbeid  
Standar 5. og 6. trinn  
Årshjul lesekurs  
Arbeid med ukens ord  
Timeplan 6. trinn